

Saksframlegg

Kvinnherad kommune

Saksmappe **Saksbehandlar**
2005/4220 Anne Berit Næs

Saksgang		
Saksnr	Utval	Møtedato
2005/109	Formannskapet	03.11.2005

Uttale til forslag om ny lov om arbeids- og velferdsforvaltninga og tilpassingar til andre lover

Forslag til vedtak :

Kvinnherad kommune syner til utsendt forslag om ny lov om arbeids- og velferdsforvaltning. Kvinnherad kommune ønskjer vedteken organisering av Ny arbeids- og velferdsforvaltning velkommen. Merknad frå Kvinnherad kommune til ny lov og evt. tilpassing av tilgrensende lovverk går fram av saksutgeinga.

Behandling i Formannskapet den 03.11.2005

RØYSTING

- Forslaget samrøystes vedteke.

Vedtak frå Formannskapet den 03.11.2005

Kvinnherad kommune syner til utsendt forslag om ny lov om arbeids- og velferdsforvaltning. Kvinnherad kommune ønskjer vedteken organisering av Ny arbeids- og velferdsforvaltning velkommen. Merknad frå Kvinnherad kommune til ny lov og evt. tilpassing av tilgrensende lovverk går fram av saksutgeinga.

Saksutgreiing:

Stortinget vedtok 31.05.2005 St. prp. nr. 46 (2004-2005) Ny arbeids- og velferdsforvaltning. Hovudmålet med nyordninga er at fleire skal tilbakeførast til arbeid eller aktiv verksemd, slik at færre har trygd eller stønad som hovudkjelde til forsyting. Reforma tek vidare sikte på ei meir brukarvennleg og effektiv velferdsforvaltning gjennom ei samanslåing av arbeidsmarknadsetaten og trygdeetaten, og ei samordning av tenesteytinga med kommunane si handsaming av saker etter kap. 5 i sosialtenestelova til ei felles 1.lineteneste.

Ein har vald å opprette ny lov som set dei administrative grensene for arbeids- og velferdsetaten og arbeids- og velferdskontoret, medan ein vidareførar arbeidsmarknadslova og folketrygdlova med tilpassingar og endringar.

Kort historikk

Dei statlege etatane arbeider i dag ut frå ulike lovverk utan å vere samlokaliserte.

Trygdeetaten er representert i alle kommunane, medan Aetat på langt nær har den same gode

dekninga lokalt. Gjeldande folketrygdlov er frå 1997, og er svært omfattande og regelstyrt. Aetat sitt viktigaste lovverk er arbeidsmarknadslova av 2004, også ei relativt regelstyrt lov. Kommunen forvaltar gjennom si sosialteneste sosialtenestelova av 1991, ei skjønnsbasert lov som m.a. skal vere eit tryggleiksnett for dei som av ulike grunnar fell utanfor den regelstyrte lovgjevinga.

Kva er NAV

NAV er forkorting for Ny arbeids- og velferdsforvaltning.

Forvaltningsmessig er det eit nybrotsarbeid som skal gjerast. Det er staten som inviterer til partnerskap med kommunane, og det er alt kome i gong eit godt samarbeid mellom stat og kommunane sin forhandlingspart, KS (kommunenenes sentralforbund). Samarbeidet stiller store krav til partane, og eigarskapen til produkt og tenester skal vera tydeleg. Stat og kommune skal vera likeverdige partar i samarbeidet.

Endringa inneber i hovudsak at arbeidskontoret, trygdekontoret og sosialkontoret slik vi kjenner dei i dag, vert «lagt ned», og at det i staden kjem eit arbeids- og velferds kontor. Det skal framleis vera eit skilje mellom stat og kommune, men dette skal ikkje kome til uttrykk overfor publikum.

Ei felles 1.lineteneste i eit arbeids- og velferds kontor skal baserast på eit forpliktande samarbeid mellom stat og kommune nedfelt i lokale samarbeidsavtalar. Samarbeidsavtalane og samlokaliseringa skal ha ei lovmessig forankring.

Hovudmål

- Fleire i arbeid/aktivitet og færre på passiv stønad
- Enklare for brukarene og tilpassa brukernes behov
- En heilskapleg og effektiv arbeids- og velferdsforvaltning

Sentrale punkt i høyringsnotatet

1. Etablering av ei førstelinjeteneste med eit arbeids- og velferds kontor i kvar kommune
2. Lovendring
3. Ny lov for arbeids- og velferdsforvaltninga
4. Regelverk om teieplikt og opplysningsplikt, brukarmedverknad, individuell plan og behovsvurdering blir samla i lova

Å legge berre delar av sosialtenesta (økonomisk sosialhjelp) inn i det felles arbeids- og velferdskontoret, vil for mange små kommunar vere praktisk vanskeleg, sidan kontora består av eit fåtal personar som har fleire funksjonar. Det einaste mogelege for mange små kommunar vil såleis vere å legge heile personalet som arbeidar med sosial- og barnevernsaker til det felles kontoret. Uansett storleik på kommunen vil ein få ei uheldig fragmentering av sosialtenesta dersom økonomisk sosialhjelp skal skiljast ut og berre denne skal leggjast til arbeids- og velferdskontoret. Ein må difor rekne med at dei aller fleste kommunane vil finne det naudsynt eller føremålstenleg å legge alle sosialtenestesakene til kontoret. På denne bakgrunnen, og for å få til ei god gjennomføring av reformen, vil det vere uheldig om staten berre legg opp til å dekke utgiftene knytt til ei "minimumsløysing". Ein viktig føresetnad for reformen er at staten dekker utgiftene knytt til den ordninga som kommunane finn føremålstenlege.

Organisering og leiing

Førstelinetenesta skal baserast på eit forpliktande samarbeid mellom stat og kommune som to likeverdige partar, men med ei tydeleg ansvarsdeling i botnen. Reforma legg opp til at den statlege deltakinga skal vere tyngre enn den kommunale, dette **kan** tyde på at den

administrative leinga skal ligge hos den statlege samarbeidsparten. Dersom motivet for å plassere leiaransvaret i den statlege etaten er storleiken, ser ein bort frå den lokale leiarkompetansen som finnast i mange kommunar. § 9 i lovutkastet presiserer kva den lokale avtala skal innehalde. Organisering er m.a. nemnt spesielt. Ein føreset at det ikkje er motsetningar mellom "tydeleg ansvarsdeling i botnen" og at "avtalen skal inneholde bestemmelser om lokalisering, organisering og drift av –", jfr. § 9, 1. ledd i lovutkastet. Skal eit arbeids- og velferdskontor fungere optimalt må det ha ei heilskepleg leing med **ein** leiar.

Når det gjeld det faglege ansvaret, vil det - så lenge kontoret skal bestå av to partar der den "minste" driv mest med skjønnsutøving - alltid vere ein viss potensiell utfordring/konfliktfare uansett kor tydeleg ansvarsdeling ein meiner ein har. Fag og økonomi vil henge så pass tett i hop frå begge sider at det vil innebære utfordringar og behov for bevisste haldningar anten leiaren er frå kommune eller statleg side. Det blir derfor viktig å understreke at kommunen må bli sett på som ein likeverdig part i samarbeidet uansett kor mykje ein går inn i kontoret med, så vel med omsyn til administrativ organisering som når det gjeld korleis ein løyser dei faglege utfordringane saman. Dette er ikkje noko som "kjem av seg sjølv", og som derfor må tydeleggjerast når ein går i gang med dei lokale avtalane.

Lokale avtalar

Arbeids- og velferdskontoret skal opprettast med avtale mellom arbeids- og velferdsetaten og den enkelte kommune. Avtala skal innehalde bestemmelsar om lokalisering, organisering og drift av arbeids- og velferdskontoret, kva for kommunale oppgåver som skal inngå i kontoret, samt korleis kontoret skal samhandle med representantar for brukarane og kommunane sitt tenestetilbod elles.

LOV OM ARBEIDS- OG VELFERDSFORVALTNINGA

Staten si deltaking

Intensjonen er at arbeids- og velferdskontora gjennom bemanning på staden alltid skal kunne dekkje statlege oppgåver av typen informasjon, enklare rettleiing, bistand og handsaming i samband med heilt enkle og regelstyrte vedtak kring arbeidssøking.

I varierende grad vil dette gjelde meir komplekse bistandsbehov. Sjølv om det er uttalt som ein sentral føresetnad at dei ressursane som skal stå til disposisjon for den enkelte brukar ikkje skal avhenge av den faktiske bemanninga ved det enkelte kontor, og at kontoret skal vere "ei inngangsdør" til alle dei oppgåvene som skal ivaretakast av den nye statsetaten gjennom m.a. kontordagsordningar og ambulerande personell, kan det synast tilnærma urealistisk å tru at brukarane skal få eit likeverdig tilbod uavhengig av kvar ein bur så lenge den nye statlege etaten ikkje skal få tilført nye ressursar.

Kommunane si deltaking

Lova opnar og for relativt stor fleksibilitet for kva tenester kommunen kan ta inn i NAV-kontoret. Dette kan føre til stor lokal variasjon. Skal reforma lukkast, vil ein hevde at NAV-kontoret bør innehalde meir enn kommunen sine oppgåver knytt til økonomisk sosialhjelp. Heile kommunen sitt tiltaksapparat må og vere samstemt på samarbeid mot NAV-kontoret, for at det ikkje skal oppstå nye skiljelinjer i tenesteytinga i kommunen på dette området. Dette gjeld til dømes psykiatri, miljøarbeidarteneste, dagtilbod for funksjonshemma som mange kommunar har organisert under pleie- og omsorgstenester. Individuell plan vil ikkje nødvendigvis vere noko garanti for at ein til dømes skal kunne utnytte restarbeidsevne eller t.d. få folk tilbake frå uføretrygd til arbeid.

For å få optimal effekt ut av samarbeidet i arbeids- og velferdskontora er det viktig at kommunane har eit reglement som delegerer fullmakter til å fatte vedtak etter kap. 5 i

sosialtenestelova som går lengst mogleg. Dette medfører at eksisterande lovverk når det gjeld delegasjonsmynde, jfr. § 23, nr. 4 i kommunelova bør endrast slik at det står ”skal” og ikkje ”kan” i saker som er **heimla i kap. 5 i sosialtenestelova**, evt. at delegasjonsmyndet vert lovheimla i særlova. I fall det i kommunane vert inngått lokale avtalar som legg til rette for at statsetaten kan utføre oppgåver for kommunen må delegasjonsreglementet også opne for dette.

Brukarane sin medverknad

Brukarmedverknad er omtalt i § 6 og § 9 1. ledd og § 10 1. ledd. Det som går på det konkrete samarbeidet med den einskilde brukar er bra konkretisert i lova, men det kan stilles spørsmål ved om det er konkretisert nok korleis ein skal samarbeide med brukarorgaisasjonar og brukarrepresentantar på meir generell basis. Dagens praksis på dette området innan dei to etatane er kanskje ikkje godt nok, og ein må sikre at dette vert prioritert i ny organisasjon.

Deling av arbeidsoppgåver

Samarbeidsordningar i den nye arbeids- og velferdsetaten synest vel gjennomtenkt når det gjeld det lovmessige. Likevel er det grunn til å peike på at det i § 9, 2. ledd i "Lov om arbeids- og velferdsforvaltningen" er opna for at kommunen og statsetaten kan utføre oppgåver for kvarandre innanfor dei rammene ein vert samde om i den lokale avtalen når det gjeld regelstyrte og lite skjønnsbaserte vedtak. Når mykje tyder på at statsetaten si forvaltning av t.d. arbeidsmarknadslova og folketrygdlova vil bli regelstyrt og at kommunen si forvaltning av kap. 5 i sosialtenestelova i store trekk er skjønnsbasert vil ein i praksis ende opp med at kommunen utfører oppgåver for statsetaten og i liten grad omvendt. Dette er noko kommunane må vere opptekne av når det vert inngått lokale avtalar.

Tieplikt/personvern

I høringsdokumentet frå arbeids- og sosialdepartementet er naturleg nok personvernet via ein del merksemd. M.a. er det sagt at erfaringar frå samordningsprosjektet i Verdal (s.42) syner at i eit godt personvernarbeid er det sentralt å

Sikre brukeren diskresjon ved å unngå at samme saksbehandler får innsyn i både helseopplysninger, følsomme sosialfaglige opplysninger og familie og bidragsfaglige opplysninger samtidig.

I små kommunar med få saksbehandlarar på området er dette ikkje til å unngå. Små kommunar er i ei særstilling som reforma må ta omsyn til. Eit godt internkontrollsystem er sjølvsagt heilt naudsynt, men kan ikkje sikre mot at same sakshandsamar får innsyn i helseopplysningar, følsame sosialfaglege opplysningar og familie- og bidragsopplysningar dersom samarbeidspartane skal utføre oppgåver for einannan.

Handtering av tiepliktreglane (§ 12 i lova)ser ut for å vere vel gjennomarbeidd og bør ikkje vere til hinder for å skape eit godt samarbeidsmiljø på arbeids- og velferdskontora.

Vurdering

Regjeringa vil sikre at brukarane kan møte ei arbeids- og velferdsforvaltning som ivaretek brukaren sin samla trong for bistand gjennom ei felles førstelinjeteneste i samarbeid mellom stat og kommune. Arbeids- og velferdskontora vil vere ein gjenkjenneleg inngangsdør til arbeids- og velferdsforvaltninga sine tenester, og skal opplevast som ein samla eining av brukarane.

I Kvinnherad kan det bli ein diskusjon om geografisk plassering av eit slikt kontor. Det er derfor viktig ikkje å misse fokus på innhaldet i kontoret framfor geografisk plassering. I dag

er sosialomsorg lokalisert til Husnes tenestесenter, A-etat har lokalt kontor på Husnes, medan Trygdekontoret er plassert i Rosendal. Ein samlokalisering vil medføra ei organisatorisk endring for ein eller fleire verksemdar.

Sett frå brukarane sitt ståsted, er det ein klar fordel med samlokalisering av dei offentlege kontora. For brukarar med eit samansett behov, vil tiltaksrekkjen frå det offentlege bli enklare og meir samordna. For tiltaksytarane vil det også kunne gje rom for ei meir effektiv handsaming, sidan alle aktørane er samla på ein stad.

Ein kan rekne med at det er nokre kulturelle skilnader mellom dei samarbeidande instansar. Omorganiseringa vil fordre ei oppbygging av felles kultur og felles mål. Under arbeidet med omorganiseringa vil gode prosessar vere viktig.

NAV er eit nybrotсарbeid, og eit langt steg i utvikling av offentlege tenester der samarbeid mellom stat og kommune er avgjerande for eit godt sluttprodukt for brukarane. NAV vil bli utfordrande, både for statlege institusjonar og for kommunane. NAV er eit interessant prosjekt som truleg vil gje effektivisering og betre kvalitet på tenestene. Klarer ein å samarbeide som forventa, vil truleg saksbehandlingstiden blir redusert samstundes som det sammensette tenestetilbodet vil vera meir tilpassa kvar einskild brukar.

Uttale frå eldrerådet:

Ikkje relevant

Økonomisk konsekvens:

Økonomiske konsekvensar er ikkje klarlagt, men det blir forventa omkostningar ved samlokalisering og prosjektutarbeiding lokalt i Kvinnherad, noko ein føreset vert dekkja av staten. Ein legg og til grunn at pårekna effektiviseringsgevinst ved reforma vil koma begge samarbeidspartane til gode.

Miljømessig konsekvens:

Ikkje relevant

Vedlegg:

Høyringsnotat – Forslag til ny lov om arbeids- og velferdsforvaltningen og tilpasningar til visse andre lover (ligg til gjennomsyn)